



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Daniel Almhjell, 5557 2150

Uttale til bakkeplanering - Alver 156/12 17 82 og 156/4 i Austrheim

Vi viser til søknad om bakkeplanering/jordpåfylling på gbnr. 156/17 og 156/82 i Austrheim kommune.

Vi har ingen miljøfaglege kommentarar til arealbruken jf. nydyrkingsforskrifta. Vi viser til disse generelle kommentarar om bruk av massar og massehandtering:

I [Miljødirektoratet sitt faktaark – 1243/2018](#), er det gjort klart at overskytande jord- og steinmassar frå samferdselsutbygging og andre anleggsarbeid normalt skal reknast som næringsavfall. Slike massar må dermed disponerast i tråd med avfallsregelverket. I faktaarket er det informasjon om kva som er meint med jord- og steinmassar som ikkje er forureina, og kva reglane i forureiningslova betyr for disponering av slike massar.

Tiltak som krev handsaming etter forureiningslova

Dersom overskotsmassar frå anleggsarbeid skal brukast i samband med nydyrking eller bakkeplanering utan særskilt løyve etter forureiningslova § 11, er det ein føresetnad at massane ikkje er forureina, jf. faktaarket. Dersom ein tek imot massar frå fleire ulike aktørar/prosjekt over tid må det vurderast om mottaket, i tillegg til løyve til nydyrking/bakkeplanering, må ha løyve etter § 29 i forureiningslova som avfallsanlegg. Fare for forureining vil da vere eit viktig vurderingstema (støv, støy, partikkelavrenning mv.). Anlegget vert da eit lovleg avfallsmottak. Det må vidare vurderast om tiltaket er gjenvinning, deponering eller annan disponering, sjå definisjon under.

Disponering av overskotsmasser er normalt rekna som gjenvinning av avfall og ikkje deponering, dersom massane erstattar andre material som elles ville blitt brukt. Vi føreset da at det er behov for massane til å forbetre jordbruksareal, og at det blir brukt til maskinell jordbruksdrift i ettertid. Om det er snakk om deponering av overskotsmassar utan nyttig føremål, vil disponeringa vere definert som eit deponi eller annan disponering. Den ansvarlege for drifta må i tilfelle avklare om tiltaket krev løyve etter avfallsregelverket.



Bakkeplanering

Arbeid med å gjere brattlendt eller kupert dyrkbart og tidlegare dyrka areal skikka for maskinell jordbruksdrift, vert rekna som bakkeplanering, når arealet er minst 1 dekar.

Vesentleg terrenginngrep

Plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 viser kva tiltak som krev søknad og løyve etter dette regelverket. I bokstav k i den nemnte føresegna er det slått fast søknadsplikt for vesentleg terrenginngrep. Lovteksten indikerer ein viss terskel for at eit terrenginngrep skal vere søknadspliktig, men gir ikkje særleg rettleiing utover dette. Spørsmålet om påføring av massar skal reknast som eit vesentleg terrenginngrep med søknadsplikt etter plan- og bygningslova må vurderast ut frå den totale verknaden av høgde og utstrekning på fyllinga.

Kommunane bør nøye vurdere søknadsplikt for påfylling av masser som råkar areal på over 1 dekar. Ei slik føring har ei viss støtte i etablert forvaltningspraksis, og harmonerer også godt med definisjonen av [bakkeplanering i forureiningsforskrifta](#). Det vil ofte også vere sannsynleg at tiltak som strekk seg over eit areal på meir enn 1 dekar vil kunne råke interesser som plan- og bygningslovgivinga skal ivareta, til dømes landskaps- og naturverdiar, kulturminne, trafikksikkerheit og anna. Viktige interesser vil naturleg skjerpe innslagspunkt for søknadsplikten.

Dispensasjon frå arealformålet

Terskelen for å krevje søknad etter pbl. ved fylling av masser er med andre ord ikkje særleg høg. Skiljet mellom massefyllingar og jordforbetringstiltak i plan- og bygningslovsvurderinga kjem derfor gjerne mest på spissen ved spørsmålet om tiltaket krev dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen. Nødvendige landbrukstiltak er i tråd med LNF-føremålet og krev ikkje dispensasjon frå dette, medan massefyllingar fell utanfor LNF-føremålet og krev dispensasjon.

Kommunane må gjere ei konkret vurdering av søknaden for å fastslå om eit prosjekt er ei jordforbetring eller ei massefylling. Det vil kunne finnast krevjande grensetilfelle. Eit generelt utgangspunkt må likevel vere at dersom det skal førast på meir masser enn det som er nødvendig for sjølve jordforbetringa, må tiltaket vanlegvis reknast som ei massefylling. Dersom det derimot ikkje skal førast på meir masser enn det som er nødvendig for sjølve jordforbetringa, og prosjektet blir gjennomført utanfor vekstsesongen, må tiltaket vanlegvis reknast som eit landbrukstiltak etter plan- og bygningslova.

Krav om behandling etter sektorlovverk

Sjølv om eit tiltak skal reknast som eit jordforbetringstiltak i tråd med LNF-føremålet, fritar ikkje det for ordinær søknadsbehandling etter pbl., nødvendige avklaringar etter kulturminnelova eller søknadsbehandling etter andre relevante sektorlovverk. Til dømes kan jordforbetringstiltak etter omstenda krevje behandling etter nydyrkingsforskrifta.

Krav som kommunen bør sette

Kommunen bør sette krav til at det berre vert brukt ikkje-forureina jord/stein frå eit fåtal prosjekt som er godkjent på førehand, avgrensa driftstid, mottakskontroll og hindre tilkomst, og om nødvendig avskjering av overvatn og sedimenteringsbasseng for å hindre partikkelavrenning til vassdrag (dimensjonert for maksimal nedbør).

Omgrep i avfallsregelverket:

Jord og steinmassar som ikkje er forureina: overskotsmassar av jord og stein frå anleggsarbeid er definert som avfall etter forureiningslova og skal behandlast i tråd med avfallsregelverket. Skal leverast til lovleg avfallsanlegg eller gjenvinning, annan disponering for enkeltprosjekt er unntak frå lova ([forureiningslova § 32](#)). Konsentrasjonar av forureiningar må vere lågare enn normverdiane i forureiningsforskrifta kap. 2, vedlegg 1.



Lovleg avfallsanlegg: anlegg med løyve etter forureiningslova til å ta imot avfall, sjå [norskeutslipp](#). Anlegg som tar imot overskotsmassar frå fleire aktørar/prosjekt over tid er avfallsanlegg.

Gjenvinning: tiltak der overskotsmassar kjem til nytte ved å erstatte material som elles ville blitt brukt, eller at massane er forberedt til dette ([forureiningslova § 27](#)).

Annan disponering: overskotsmassar frå enkeltprosjekt som vert disponert på annan måte enn levering til lovleg anlegg eller gjenvinning krev unntak frå [forureiningslova § 32](#). Ny forskrift er under arbeid. Inntil vidare trengs ikkje unntak for disponering på land om gjenvinning er vurdert og disponeringa er avklart etter plan og bygningslova.

Deponi: permanent disponeringsstad for avfall, regulert i avfallsforskrifta [kap. 9 om deponering av avfall](#). Anlegg som tar imot massar frå fleire aktørar/prosjekt over tid for permanent plassering er eit deponi om massane ikkje erstattar andre massar.

Med helsing

Bjørn-Harald Haugsvær
assisterande landbruksdirektør

Daniel Almhjell
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent